



Hardanger Seafood AS  
Båtavika 30  
5630 Strandebarm

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Henriette Ludvigsen, 55 57 20 93

## Rapport frå inspeksjon ved Hardanger Seafood AS

Kontrollnummer: 2023.218.I.SFVL

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen

Frå verksemda:  
Knut Roger Sivertsen  
Stian Solheim

Frå Statsforvaltaren i Vestland:  
Tonje Totland  
Henriette Ludvigsen

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Hardanger Seafood AS avd Bømlo den 19. september 2023. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 2 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen.

#### Avvik:

1. Verksemda si handtering av farleg avfall er mangelfull
2. Verksemda sin risikovurdering har manglar

#### Merknad:

1. Verksemda sine tilsette har mangelfull oversikt over og kjennskap til internkontrollen

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Med helsing

Tonje Totland  
rådgjevar

Henriette Ludvigsen  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til: Bømlo kommune



## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> Hardanger Seafood AS	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 826167572	<b>Eigd av:</b> 976173074
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 10.209 - Bearbeiding og konservering av fisk og fiskevarer ellers	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> Hardanger Seafood AS	<b>Anleggsnr.:</b> 4613.0127.01
<b>Kommune:</b> Bømlo	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Fiskeforedling	
<b>Løyve gitt:</b> 5. oktober 2022	<b>Sist endra:</b>

## 2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikovurderte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48 og produktkontrollova § 8.

### Inspeksjonstema:

- Internkontroll
- Prosess og reinseutstyr
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Sediment og grunnforureining
- Avfall
- Kjemikal
- Løyve til forureining

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

### Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

**Andre tilhøve:** Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.



### 3. Oppfølging etter inspeksjonen

Hardanger Seafood AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 15. desember 2023** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgd opp ved neste kontroll.

### 4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 8. september 2023. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemdar etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventet ressursbruk må Hardanger Seafood AS betale eit gebyr på kr. 30 000,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil en dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

#### Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

### 5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp*, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).



## 6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### **Avvik 1:**

Verksemda sin handtering av farleg avfall er ikkje tilfredsstillande.

### **Avvik frå:**

Avfallsforskrifta § 11-5 om forsvarleg oppbevaring av farleg avfall.

### **Kommentarar til regelverket:**

Farleg avfall skal lagrast forsvarleg og slik at det ikkje fører til fare for forureining eller skade på menneskje eller dyr, jf. avfallsforskrifta § 11-5. I tillegg skal farleg avfall være tydeleg merket med kva for farleg avfall det er.

### **Observasjonar:**

Under inspeksjonen observerte vi ein container med farleg avfall som stod open og utan tilsyn. Avfallet inne i containeren var ikkje merka med innhald.

### **Avvik 2:**

Verksemda sin risikovurdering har manglar.

### **Avvik frå:**

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6.  
Produktkontrollova §§ 3 og 3a.

### **Kommentar til regelverket**

Risikovurdering og handlingsplanar (Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6).  
Verksemda skal kartlegge farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhøyrande planer og tiltak for å redusere risikoforholda.

Plikt til aktsemd (produktkontrollova § 3).

Ved bruk og lagring av helse- og miljøfarlege kjemikaliar må verksemda treffe rimelege tiltak for å forebygge og avgrense utslepp. Det er viktig av verksemda risikovurdera lagring av kjemikal, inkludert effekten av et eventuelt uhellsutslepp på reinseanlegg/oljevaskiljar og resipient. Dersom ein har utslepp av vaskemiddel til oljevaskiljar må desse vere godkjent for slik bruk, elles kan dei løyse opp olja i oljevaskiljaren.

### **Observasjonar**

Verksemda har mange slukar i golvet som dei ikkje har risikovurdert. Ved fleire av slukane vart det lagra vaskekjemikal som var i bruk. Verksemda hadde ikkje oversikt over om utsleppa til sluk gjekk til avløpsreinseanlegget eller oljevaskiljar. Verksemda manglar også risikovurdering av effekten av utsleppa sine på resipienten.



## 7. Merknader

Vi fann følgjande merknad under inspeksjonen:

### Merknad 1:

Verksemda sine tilsette har mangelfull oversikt over og kjennskap til internkontrollen.

### Kommentar:

Det er viktig at dei tilsette i verksemda er godt nok kjent med internkontrollen slik at dei kan finne det dei treng, når dei treng det. Under tilsynet hadde dei tilsette vanskar med å finne fram i internkontroll systemet og hadde ikkje oversikt over om alle dokumenta dei skal ha var der.

## 8. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren

## 9. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova)
- Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrollova) §§ 3 og 3a)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)